



GISKE KOMMUNE



FRAMLEGG
BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN
2017-2021

HØYRINGS VERSJON 11.10.17

Innhald

| | |
|--|----|
| Del 1 Bustad, helse og velferd..... | 3 |
| 1.1 Digitalisering og velferdsteknologi | 3 |
| 1.2 Heilskap og livsløpsperspektiv..... | 4 |
| 1.3 Folkehelseperspektiv | 4 |
| 1.4 Bustad og helse..... | 5 |
| Del 2 Målgrupper, tiltak, utfordringar og strategiar | 6 |
| 2.1 Kommunale bustadar | 6 |
| 2.1.1 Målgrupper for kommunale bustader | 6 |
| 2.1.2 Utfordringar..... | 6 |
| 2.1.3 Strategiar | 7 |
| 2.2 Bustadpolitiske verkemiddel | 7 |
| 2.2.1 Utfordringar..... | 8 |
| 2.2.2 Strategiar | 8 |
| Del 3 Framtidsbilete og operasjonisering av planen..... | 9 |
| 3.1 Framtidsbilete..... | 9 |
| 3.2 Operasjonisering og bruk av Bustadsosial handlingsplan | 12 |

1 Bustad, helse og velferd

Bustadsosial handlingsplan er eit strategisk dokument som vil gi retning for utvikling og prioritering innan bustadsosialt arbeid i Giske kommune. Strategiane tek omsyn til utfordringar og moglegheiter i høve utviklinga av det heilskaplege tenestetilbodet.

Giske kommune sin visjon «[Historisk og framtidsretta](#)», verdigrunnlaget, utfordringane og moglegheitene er viktige for vidare strategiar. [Verdigrunnlaget](#) vårt med verdiane respekt, engasjement, løysingsvilje og kvalitet skal vere ei rettesnor for både politikarar og dei tilsette i det daglege arbeidet og i møte med innbyggjarane. Dette skal brukast aktivt for å vidareutvikle Giske kommune som ein god og attraktiv kommune å bu i, med effektiv tenesteyting til beste for innbyggjarane.

Endringar i demografi og oppgåver, teknologiske løysingar og digitalisering i eit raskare tempo enn tidlegare er faktorar vi langt på veg ikkje kan styre, men må handtere og planlegge for. Bustadsosialt arbeid er ei viktig kommunal oppgåve, då ein ser at bustad og bumiljø i stor grad påverkar den einskilde sin livssituasjon og helse. Ei oppgåve dei kommunale tenestene har er å medverke til at ein så lenge som råd skal kunne bu og vere mest mogleg sjølvhjelp i eigen heim. Samarbeid med brukar og pårørande er heilt avgjerande i dette. Brukarmedverknad er eit viktig satsingsområde som inneber at ein samstundes definerer krav og arbeidar fram moglegheiter og løysingar i dialog mellom kommune, brukar, pårørande og andre. Engasjement for eigen livssituasjon, motivasjon, relasjonsarbeid, kommunikasjon, samhandling og medverknad er viktige faktorar i arbeidet for at brukaren skal lukkast.

Kommunale ressursar må nyttast på best mogleg måte til beste for alle våre brukarar. Vi må sjå heilskap i tenestene og legge til rette for auka samarbeid og kompetansedeling på tvers av tenestene. Samarbeid og kompetansedeling vil styrkje tenestene og det samla tilbodet til brukaren. Brukaren skal oppleve at tenestene heng saman og utfyller kvarandre.

Grunna raske endringar i samfunnet er det vurdert at planen må ha minst eit 15-års perspektiv, med rullering kvart 4. år. Del 1 i planen tek føre seg overordna og gjennomgåande strategiar og perspektiv innan arbeidet. Del 2 omtalar kommunale bustadar, bustadpolitiske verkemiddel, utfordringar og strategiar. Del 3 viser framtidsbiletet med utfordringar og moglegheiter, samt kva strategiar vi treng for å møte dette.

Operasjonaliseringa av strategiane vil bli nemnd til slutt i planen. Bustadsosial handlingsplan 2017-2021 er ein digital plan, der det er lagt inn aktive lenker til aktuelle tenester og anna relevant informasjon.

1.1 Digitalisering og velferdsteknologi

Samfunnsutviklinga viser at bustadane og måten vi vel å bu på i stor grad vil krevje digitale og teknologiske løysingar. Giske kommune har vedtatt eit omfattande omstillingsprogram, GISKE2030.no. Omstilling og tenesteutvikling gjennom digitalisering og bruk av ny teknologi skal innførast i heile organisasjonen og i alle tenester. I dette ligg også kommunikasjon og

[digitalt førsteval](#) for innbyggjaren i kontakt med Giske kommune. [Velferdsteknologi](#) er ei nasjonal satsing og ein ser store menneskelege og økonomiske fordelar ved at teknologi vert nytta. Velferdsteknologi skal bidra til auka tryggleik og sikkerheit, sosial deltaking og aktivitet, som skal styrke den einskilde sine evner til å klare seg sjølv i kvardagen trass sjukdom, sosiale vanskar eller reduserte funksjonsevner. [Det nasjonale velferdsteknologiprogrammet](#) har som hovudmål at velferdsteknologi skal vere ein integrert del av tenestetilbodet i omsorgstenestene innan 2020.

Kommunen må arbeide for å sikre digital plattform til kommunale bustadar og legge til rette for at innbyggjarane generelt har gode løysingar innan infrastruktur. Dette må takast omsyn til ved utarbeiding av tekniske planar, arealplan og liknande. Ved arbeid med teknisk infrastruktur, må ein til dømes sikre at ein har rør til å trekke framtidig nødvendige leidningssystem.

[Smarthus](#) er eit omgrep som har vore mykje nytta dei siste åra. Både kommunale og private bygg bør vere så smarte som mogleg. Innbyggjaren må framover bli meir aktiv i høve si eiga framtid; Kva treng du? Kva er viktig for deg? Korleis bør bustaden din vere utforma for at du skal kunne bu der lengst mogleg? Vi må førebu oss på kva som kan kome til å skje med helsa vår som vil påverke livet vår og korleis vi bur.

1.2 Heilskap og livsløpsperspektiv

Tenestene må bli vurdert i eit heilskapsperspektiv, og heile livsløpet må vere sentralt i møtet med brukaren. I vurderinga av bustad må det takast omsyn til moglege teneste innbyggjaren treng, samt kva fasilitetar tenesteytar treng for å utføre sine oppgåver. Dette fordrar auka samhandling mellom ulike tenester, sektorar og andre.

1.3 Folkehelseperspektiv

Folkehelseperspektivet er viktig i arbeidet med gode og tilrettelagde bustadar og bumiljø. [Folkehelsearbeid](#) er samfunnet sin innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremjar helse og trivsel i befolkninga, førebyggjer psykisk og somatisk sjukdom, samt arbeid for ei jamnare fordeling av faktorar som påverkar helsa. Folkehelsearbeid handlar om å skape eit godt fundament for befolkninga til å kunne ta vare på eigen trivsel og helse.

Sentrale og viktige tema/område innanfor folkehelsesarbeid i Giske kommune skal mellom anna vere:

- Møteplassar, identitet og inkludering
- Born og unge
- Livsstilsjukdomar og psykisk uhelse
- Bustader og bumiljø
- Samarbeid mellom frivillige organisasjonar ([Fritidserklæringa](#)) og kommunen.

1.4 Bustad og helse

Marknaden er den viktigaste reguleringsmekanismen for tilgong på bustadar. Private aktørar står i dag for 80-90 % av reguleringane til bustad. Kommunen har eit ansvar overfor vanskelegstilte på bustadmarknaden og kan ta i bruk ulike verkemiddel i arbeidet. Det er opp til kommunen korleis og i kva grad ein samordnar desse aspekta.

Grupper som er overrepresenterte blant vanskelegstilte på bustadmarkedet er ofte personar og familiar med lav inntekt, unge som står utanfor utdanning og arbeidsliv, flyktningar, tidlegare innsette, personar med rusproblem og/eller psykiske lidelsar, og personar med nedsett funksjonsevne¹. Både den fysiske og den mentale helsa blir påverka av å bu i gode eller dårlige bustadar og buområde. Dette handlar både om tilhøve ved sjølve bustaden som slitasje, inneklima, støy, storleik, eige/leige, brukskvalitet og estetikk, men også tilhøve ved buområde/nabolag som samansetning av folk, stabilitet i nabolaget, trygg tilgong til rekreasjonsareal og møteplassar².

«Visjonen for det boligsosiale arbeidet er at alle skal bo godt og trygt. Det er viktig for at vi skal kunne stå i et utdanningsløp, danne familie, ha en stabil tilknytning til arbeidslivet og ta vare på helsen vår. Boligen er også en ramme for et sosialt liv og gir en tilhørighet til et nærmiljø og lokalsamfunn.»¹

Bolig for velferd – Nasjonal strategi for boligsosialt arbeid 2014-2020 legg opp til særleg innsats overfor barnefamiliar og unge, og viser til at bustaden og bustadområdet er ei viktig ramme for oppveksten. Dette er viktig for barna her og no, og for å førebygge reproduksjon av sosial ulikskap.

Det må vere nok bustader, differensierte bustader og nærmiljø av god kvalitet. Det at kommunale bustader ligg spredt er med på å hindre opphopning av levekårsproblem.

Giske kommune har hatt stor befolkningsvekst dei siste 10 åra og vil også framover vekse i storleik. God planlegging av arealbruk til bustadar vert svært viktig. Bustadareal må vere hensiktsmessig og vurderast opp mot total arealbruk, annan næring, kollektivtrafikk og kommunale tenester.

¹ Kjelde: [Bolig for velferd - Nasjonal strategi for boligsosialt arbeid \(2014-2020\)](#)

² Kjelde: <https://veiviseren.no>

2 Målgrupper, tiltak, utfordringar og strategiar

2.1 Kommunale bustadar

Eit overordna mål er at innbyggjarane i Giske skal disponere eigna og funksjonell bustad av tilfredsstillande standard, uavhengig av økonomiske-, fysiske-, helsemessige- eller sosiale føresetnader.

2.1.1 Målgrupper for kommunale bustader

- Personar som på bakgrunn av sjukdom og/eller funksjonsnedsetting har behov for en særskilt tilrettelagt bustad.
- Familiar med barn og unge med langvarige og samansette utfordringar
- Personar og/eller familiar med ulike utfordringar, økonomiske og/eller sosiale

Eigedomsavdelinga i Giske kommune har i oppgåve å:

- Halde oversikt over samla bustadmasse og status ved desse
- Vurdere behov for kjøp/sal av bustad i samarbeid med kommuneleiing

Tildelingskontoret i Giske kommune har i oppgåve å:

- Halde oversikt over kapasitet og tilgjenge ved ulike kommunale bustadar
- Sakshandsame søknadar om kommunal bustad
- I samarbeid med aktuelle einingar og kommuneleiing tildele bustad:
 - heildøgnsbemanna bustadar: institusjon, bukollektiv og bufellesskap
 - frittliggande omsorgsbustadar, kommunale og stiftinga Giske omsorgsbustadar
 - andre kommunale utleigebustadar

NAV leiger ut naudbustadar

2.1.2 Utfordringar

- Fleire med behov for kommunal bustad
- Ha nok differensierte tilbod
- Spesielt behov for tilpassa bustad, særlig rus -og eller psykiatri, barn og unge med langvarige og samansette utfordringar
- Mottak av flyktningar
- Kommunal bustadsituasjon vert påverka av den private marknaden
- Samarbeid mellom tenestene

2.1.3 Strategiar

- Både kommunen og innbyggjarane skal vere tidleg ute med analyse og planleggjing for framtidige behov
- Digitale verkty som sikrar oppfølging av bustadmassen
- Kjøp og sal av bustadar etter behov. Avvikle bustadar som er ein ser er mindre tenlege
- For å unngå blokkering av kommunale utleigebustader meint for eit gitt formål, må det i større grad nyttast tidsbestemte leigekontraktar.
- Kommunale bustader skal ha moglegheit for digitale og teknologiske løysingar.
- Utvide kommunalt dagtilbod
- Styrke samarbeidet mellom tenestene
- Utvikle bustad for butrening
- Etablere differensierte bustader for ulike brukargrupper

2.2 Bustadpolitiske verkemiddel

Kommunen har ulike verkemiddel som kan nyttast for å sikre ei heilskapleg bustadplanlegging.

Tildelingskontoret skal rettleie og behandle søknadar om startlån og tilskot til tilpassing og etablering frå Husbanken.

- [Startlån](#)
- [Tilskot tilpasning og etablering](#)

Gjennom Husbanken har ein og andre verkemiddel. Tildelingskontoret kan motta skriftleg papirsøknad frå ein innbyggjar om bustønad og registrere dette i Husbanken for behandling. Innbyggjar kan og søkje elektronisk på Husbanken sine nettsider, og har då oversikt over søkjeprosessen. Det same gjeld for tilskot til utgreiing og prosjektering.

- [Bustønad](#)
- [Tilskot utgreiing og prosjektering](#)

Husbanken forvaltar i tillegg ei rekkje bustadpolitiske verkemiddel retta mot ulike målgrupper, både privatpersonar og bransjen.

- [Grunnlån](#)
- [Tilskot for bransjen](#)

2.2.1 Utfordringar

- Informasjon ut til innbyggjarane om dei ulike finansieringsordningane.
- Liten del av bustadmassen er universelt utforma og tilrettelagt med tilgjenge.
- Liten tradisjon i kommunen for privat/offentleg samarbeid for å få til bygging etter kommunale strategiar og behov.

2.2.2 Strategiar

- Tildelingskontoret og servicekontoret skal sikre at informasjon om ulike bustadpolitiske verkemiddel er godt synleg og tilgjengeleg og skal ved møte med innbyggjarane informere om dei aktuelle verkemidla.
- Bistand frå kommunen/NAV-sosial -Råd, til rettleiing og hjelp med søknader i bustadspørsmål.
- Kommunikasjonsstrategi
 - Informasjon på ulike språk
 - Universelt utforma nettside og bruk av *klart språk* i kommunale dokument
 - Informere/motivere til livsløpsperspektiv ved etablering i bustad blant innbyggjarane
- Reglar for universell utforming av uteareal i reguleringsplanar, og universelt utforma offentlege bygg.
- Auke del bustader som er tilrettelagt med tilgjenge etter teknisk forskrift gjennom arbeid med reguleringsplanar
- Privat/offentleg samarbeid om utbygging, til dømes gjennom utbyggingsavtalar

3 Framtidsbilete og operasjonalisering av planen

3.1 Framtidsbilete



Utfordringane og moglegheitene innan bustadsosialt arbeid er mange og av ulik karakter. I arbeidet er det viktig å forstå kva drivkrefter som vil påverke utviklinga av samfunnet generelt og tenestene spesielt. Utviklinga viser blant anna krav til kontinuerleg omstilling og læring, nye kompetansekrav og teknologi.

Utviklinga viser demografiske utfordringar og endra sjukdomsbilete. Giske kommune har dei siste åra hatt ein stor folkeauke og har pr. juli 2017 om lag 8200 innbyggjarar. Framskrivning med høg nasjonal vekst viser at det vil vere om lag 10.250 innbyggjarar i 2030. I dag er 4,1 % av innbyggjarane 80 år eller eldre, framskrivinga viser 6,8 % i 2040. Kommunen vil difor ikkje merke «eldrebølgja» i like stor grad som mange andre kommunar, men må likevel ta høgde for endringane. I dag er om lag 29 % i gruppa 0-18 år, noko som viser at vi har ei relativt ung befolkning. 47,8 % av innbyggjarane er under 35 år, 3907 personar. Framskrivinga viser at vi framover vil ha relativt store grupper i alderen 20-44 år og 45-66 år

| Innbyggere per 01.01.2016 og framskrevet folketal | Innbyggere per 01.01 | Framskrevet folkemengde 2029 | | Vekst fra 2016 til 2029 | |
|---|----------------------|------------------------------|---------------------------|--------------------------|---------------------------|
| | 2016* | Hovedalternativet (MMMM) | Høy nasjonal vekst (HHMH) | Hovedalternativet (MMMM) | Høy nasjonal vekst (HHMH) |
| 0-5 år | 675 | 747 | 882 | 72 | 207 |
| 6-12 år | 845 | 878 | 1 013 | 33 | 168 |
| 13-15 år | 334 | 396 | 404 | 62 | 70 |
| 16-19 år | 451 | 526 | 536 | 75 | 85 |
| 20-44 år | 2632 | 3 185 | 3 340 | 553 | 708 |
| 45-66 år | 2117 | 2 436 | 2 489 | 319 | 372 |
| 67-79 år | 711 | 1 055 | 1 079 | 344 | 368 |
| 80-89 år | 271 | 400 | 416 | 129 | 145 |
| 90 år eller eldre | 58 | 80 | 90 | 22 | 32 |
| I alt | 8094 | 9 703 | 10 249 | 1 609 | 2 155 |

* Innbygger per 2016 brukt fordi det er grunnlaget i gjeldende framskrivning hos SSB.

Bustadsosial handlingsplan 2017-2021



Blant unge er det særleg venta ei auke i behov for rusbehandling og psykisk helsehjelp. [Opptrappingsplanen for rusfeltet 2016-2020](#) ligg først og fremst til kommunane å gjennomføre. Kommunen må organisere og dimensjonere tenestene slik at ein er rusta til å handtere desse gruppene. Tilrettelagde og differensierte bustader, god organisering og tverrfagleg samarbeid vert viktig i arbeidet.

Giske kommune må framover ha eit auka fokus på folkehelse og tilstrebe at fremjing av god helse og førebygging av helseproblem. Dette kan redusere behovet for behandling av sjukdom, seinkomplikasjonar og dermed også behov for anna innretning i bustaden eller annan bustad. I størst mogleg grad vil innbyggjarane framover få tenestene i sin eigen heim. Mellom anna vil nye satsingsområde som kvardagsrehabilitering og bruk av teknologiske løysingar vere med å gjere dette mogleg. Tilrettelegging i eigen bustad vil førebygge forverring av helseproblem, auke funksjonsnivå etter funksjonsfall og utsette behov for tenester og eventuell bustad frå kommunen. Det vert likevel eit behov for å bygge fleire kommunale bustader tilpassa ulike målgrupper. Utviklinga viser at dei fleste ynskjer å bu sentralt og eventuelt nær omsorgssenter. Vi ser også eit behov for små bustadar og leiligheter for unge vaksne, alder 20-30 år, som ønskjer å etablere seg i bustadmarknaden. Det er viktig å legge til rette for å behalde denne aldersgruppa i kommunen. Vi ser også ei auke i barn og unge med langvarige og samansette utfordringar, som på eit tidspunkt vil trenge eigna bustad med tenestetilbod. Eit auka antal flyktingar i kommunen har også skapt behov for fleire kommunale utleigebustadar. Dette er forhold kommunen må ta inn over seg og planlegging for.

Det vert opplevd større forventingar til tenestene i dag i høve til tidlegare, og dette vil truleg auke også framover. Fleire ynskjer å få tilrettelagt tenestene i heimen, dette gjeld også brukarar med store og samansette utfordringar. Dette er eit krevjande arbeid for kommunen både med omsyn til personalressursar og økonomi. Det er i arbeidet viktig å etablere gode samhandlingsarenaer med innbyggjarane for å kommunisere om forventningar, tenesteyting, tenesteutvikling og endringar i tenestene framover.

Lågterskel tilbod som [dagtilbod](#), tilrettelagde møteplassar og auka frivillig arbeid vert viktige satsingsområder for kommunen. Giske kommune har stort fokus på dagtilbod og arbeider vidare for å etablere tilbod som skal femne om fleire brukarar med ulike behov. Dagtilbodet skal gi individuelle tilbod om aktivisering og sysselsetjing, samt sosialt fellesskap på dagtid. Tilbodet skal bidra til å skape fleire moglege kontaktpunkt mellom innbyggjarane og kommune. Dette fell saman med at Giske kommune har vedtatt å vere ein god samspelkommune. Behov for naudsynte kommunale tenester kan identifiserast tidleg og eventuelt førebyggast eller reduserast. Sosiale møteplassar kan gi struktur og positivt innhald i kvardagen. Det kan motverke einsemd, redusere behov for offentleg teneste, samt redusere og/eller utsette behov for omsorgsbustad eller heildøgnsbemanna bustad.

Kommunen må gjennom kommuneplanen sin arealdelen, reguleringsplanar og andre vedtak planlegge for gode framtidige bustader og bustadområder. Både politikarar og dei tilsette

må vere beviste at det eine påverkar det andre og ha heilheitsperspektiv, livsløpsperspektiv og folkehelseperspektiv med seg i alt arbeid.

3.2 Operasjonalisering og bruk av Bustadsosial handlingsplan

Bustadsosial handlingsplan 2017-2021 er som nemnt ein strategisk plan som skal gi retning for utvikling og prioriteringar i åra fram mot 2030. Det er viktig at strategiane blir gjort kjent politisk, i organisasjonen og hjå innbyggjarane, og at dei blir brukte aktivt.

Operasjonaliseringa av planen vil skje i arbeid med økonomiplanar, årsbudsjett, verksemdplanar og andre kommunale planar.